

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.11.2019

Handsaming i møtet

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.2, jf. offentleglova § 24.

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, og forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orientert om status i arbeidet med gjennomføring av selskapskontroll av Skyttel AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Terje Kollbotn (R) sette fram slik forslag til vedtak:

«For å sikre at det ikkje skal herske tvil om at kontrollutvalet sin selskapskontroll av bompengeselskapa Ferde AS og Skyttel AS er heilt ubunden og objektiv, bør eit anna revisjonsselskap enn Deloitte, som er rekneskapsrevisor for desse selskapa, utføre desse selskapskontrollane.»

Forslaget frå Kollbotn fekk 1 røyst og fall. Forslag til vedtak fekk 3 røyster og vart vedteke.

Etter dette vart det gjort slikt vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.